



Slik arbeider me med kartleggingsprøver og nasjonale prøver i Time kommune

Kartleggingsprøver

Kartleggingsprøvene frå Udir er for elevar på 1. og 3. trinn i lesing og rekning, og er laga for å finna elevar som treng ekstra oppfølging. Kartleggingsprøvene er eit verktøy for å hindra at elevar fell frå seinare i opplæringsløpet. Prøvene på 3. trinn er obligatoriske og blir gjennomførte på hausten. I Time gjennomfører skulane også dei frivillige prøvene som blir gjennomført på våren på 1. trinn. Alle prøvene er heildigitale.

Skulen følger opp elevar som har resultat under eller på oppfølgingsgrensa. Foreldre til elevar som treng oppfølging, skal få tilbakemelding om resultata. Dei skal også få informasjon om kva tiltak skulen vil bruka, og kva dei som foreldre kan gjera for å følge opp eleven vidare.

[Lenke til Udir sine sider om kartleggingsprøver.](#)

Nasjonale prøver

Formålet med dei nasjonale prøvene til Udir er å gje skulane kunnskap om elevane sine grunnleggande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk. Prøvene blir gjennomførte på hausten i 5., 8. og 9. trinn. I forkant av gjennomføringa skal foreldre og elevar informerast om kva dei nasjonale prøvene er. Når resultata ligg føre skal eleven sitt resultat og korleis ein skal utvikla seg i grunnleggande ferdigheit vera tema i samtale med elev og foreldre. Foreldra og eleven er med og set mål for vidare arbeid.

Skulen og kommunen bruker resultata som grunnlag for kvalitetsutvikling i opplæringa.

[Lenke til Udir sine sider om nasjonale prøver.](#)